

# Folkehelseprofilen for Hemsedal kommune 2023

## Årets tema er bumiljø

Eit godt bumiljø kan ha stor betydning for helse og livskvalitet, og er ein av fleire helsedeterminantar. Helsedeterminantar er faktorar som påverkar helsa og korleis ein har det, både direkte og indirekte. I Noreg er det eit mål at alle skal kunne bu trygt og godt, slik at alle kan leve gode liv. Kommunen har stor innverknad på premissane for bumiljøet og moglegheit til å medverke til at innbyggjarane har tilgang på gode bumiljø gjennom sine verkemiddel. Kommunens samfunns- og arealplanar er viktige, har stor betydning for folkehelsearbeidet og samfunnsutviklinga i kommunen.


Folkehelseprofilen kan nyttast i helsefremmande og førebyggande arbeid, der me kan bruke tilgjengelege data til å bevisstgjere, beslutte og velgje fokusområde på alle nivå i kommunen.

[Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI](#) her.

I Hemsedal er det:

- fleire i aldersgruppa 45 år og eldre som bur åleine enn på landsnivå.
- fleire i aldersgruppa 45 år og eldre som leiger bustad enn på landsnivå.
- om lag på landsgjennomsnitt i forhold til andel barn og unge i aldersgruppa 0-17 år.
- ein stor andel barn som har låg meistringsgrad i lesing og rekning i 5.trinn.
- ein høgare forventa levealder for både kvinner og menn, enn landstala.
- ei seinare forventa auke av andel eldre enn landet elles.
- topp vasskvalitet.

Figur 2. Aldersfordeling i kommunen i 2022 og fremskrevet for 2040 (SSB).



Hemsedal kommune har god befolkningsvekst og er ein populær tilflyttarkommune. Hemsedal skil seg frå mange andre distriktskommunar med tanke på folketalsauke, befolknings samansetning i alder og har eit variert arbeidsliv og fritidstilbod. Tala avdekkar at ein stor andel vaksne over 45 år

lev aleine og sama aldersgruppa har også ein stor andel som leiger bustad. Behovet for bustadar i alle storleikar og prisgrupper er ein velkjent utfordring i Hemsedal, der kommunen og private aktørar ser på ulike strategiar for å avhjelpe denne situasjonen. Bumiljø er ein av faktorane som kan ha stor innverknad på helse og trivsel, og det å eige sin eigen bustad kan gje sikkerheit og stabilitet.

### Helsefremmande og utjamnande tiltak

Eit godt bumiljø kan bidra til å utjamne sosiale ulikhetar i helse. Tilgang på bustadar med god kvalitet og i et attraktivt nærmiljø er viktig for befolkninga og kommunen som ein heilheit. Sett i eit livsløpsperspektiv er det viktig med varierte moglegheiter, tilgang på (blå-) grøne områder og tilgang på natur og tur moglegheiter. Eit aldersvennleg samfunn kjem alle til gode og universelle tiltak vil vera utjamnande og sørge for at inkludering og likestilling er naturleg og ikkje krever tilrettelegging. Trivsel og god helse er viktig for livskvaliteten og ein tidleg innsats for å utjamne sosiale ulikhetar i helse er hensiktsmessig både sosialt og økonomisk for individet og samfunnet som heilheit.

Ulike helsefremmande, forebyggande og utjamnande befolkningstiltak kan være med på å skape et inkluderande og rettferdig samfunn ved å:

- sørge for tilgang til bustadar i ulike prisklasser
- sørge for tilgang på bustadar i attraktive nærmiljø
- ha ein god bustadplanlegging med god infrastruktur og heilhetleg tenking
- ha aldersvennlege bustadar og miljø
- sørge for bustadar som er universelt utforma
- skape eit inkluderande nærmiljø, med moglegheiter for nærturar og sosiale møteplassar

### Nærmiljøkvaliteter



Figur 1. Nærmiljøkvaliteter som har betydning for helse og livskvalitet.

Kjelde: Folkehelseinstituttet (2023). Folkehelseprofil 2023 HEMSEDAL.